

NVE

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

nve@nve.no

Saksbeh. Lars Størset

Telefon: 906 88 740

e-post: lars.storset@statnett.no

Vår ref: 2023/3252

Deres ref: 202308754-96

Ny Vik transformatorstasjon og 420 kV leidning mellom Vik og Ramnaberg

Kommentarar til innkomne høyringssvar

Viser til brev motteke 22. januar 2026 der NVE ber Statnett kommentere innkomne høyringssvar til søknad om anleggskonsesjon for bygging av Vik transformatorstasjon og 420 kV kraftleidning mellom Vik og Ramnaberget.

Det kom totalt inn 52 høyringssvar frå 45 høyringspartar. Nokre har sendt fleire svar. I tillegg er det sendt inn eit felles innbyggjarforslag signert av 150 personar, som er sendt inn saman med høyringssvaret frå Vik kommune.

Sidan høyringa er gjennomført parallelt med søknader frå Sygnir og Statkraft, omhandlar mange av høyringssvara både Statnett og Sygnir sine søknader. I det følgjande er det berre kommentert moment som er relevante for Statnett sin søknad.

Statnett kommenterer samla fleire moment som går att i fleire av høyringssvara. I ein vedlagt tabell er alle høyringssvara oppsummerte med stikkord og korte kommentarar.

Ønske om alternativ trase i området Åfet/Feios og Dagshovden

Vik skogeigarlag og elleve andre høyringspartar har kommentert temaet, og høyringssvara har identisk tekst. Dei ønskjer at traséen blir justert sørover i Åfetdalen for å kome i mindre konflikt med skogsdrift og busetnad. Fleire av dei ønskjer og at traséen blir justert forbi Dagshovden for å unngå eit vatn som er viktig for friluftsliv og landskap. Ytterlegare to høyringspartar har fremja det same ønsket om justering forbi Dagshovden.

Dei stiller vidare spørsmål ved om alternativ D1, som liknar mykje på løysinga dei foreslår både forbi Åfet og Dagshovden, er utgreidd på same nivå som omsøkt alternativ, særleg når det gjeld skog, drift og vedlikehald og samordning med skogbrukstiltak. Dei krev utgreiing av alternativ D1 eller at eit vedlagt forslag til justert trasé blir lagt til grunn for vidare planlegging.

Dei har og ei juridisk merknad til om alternativ D1 er tilstrekkeleg utgreidd og opplyst. Dei meiner særleg at vurderingane av tap av produktiv skog, behov for framtidig vegetasjonsrydding, drifts- og vedlikehaldsvilkår for ny leidning og samordning med eksisterande og planlagde skogbrukstiltak er for dårlege. Det blir hevda at Statnett har vist manglande vilje til vidare utgreiing av alternativ D1 og at alternativet er utelaten frå kartet som ligg ved søknaden.

Statsforvaltaren i Vestland meiner og at konsekvensane for skogbruk av alternativ det er søkt om er undervurderte. Statsforvaltaren har i si uttale framheva at skogen i Åfet/Feios-området har svært høg produksjon av tømmer og er av

svært stor og nasjonal verdi, og har gjort ei berekning av verdien av skogressursen i form av skogen sin kommersielle verdi og CO2-binding.

Vik kommune ønskjer og justering av traséen sørover i området Åfet/Feios. Dei meiner konsekvensane for skogbruk er for dårleg utgreidd i konsekvensutgreiinga.

Statnett sine kommentarar

Det er sett på ulike løysingar ved Feios/Åfet sidan oppstart av prosjektet, og det har vore dialog med fleire av dei som har uttalt seg i saka. Bakgrunnen for valt traséalternativ har vore å samle naturinngrep, unngå busetnad og unngå skade på urørt og verdifull natur. Jo lenger sørover leidninga blir justert i dette området, jo meir blir tema som friluftsliv, naturmangfald og villrein påverka. Leidninga er allereie flytta sør for dagens 300 kV-leidning på delar av strekninga, mellom anna for å unngå busetnaden i Åfet.

Konsekvensutgreiinga som følgde søknaden har delvis sett på alternativ D1, som er omtalt som alternativ 3a og 3b i konsekvensutgreiinga og søknaden. Det er gjort fullstendige konsekvensutgreiingar for naturmangfald inkludert villrein, naturressursar (inkludert skogbruk) og kulturmiljø. Det er ikkje gjort berekningar av skogens verdi og mogleg tap av skogressursar ved dei ulike alternativa. Konsekvensane for skogressursar (del av naturressursar) er skildra som mindre for desse alternativa enn for det omsøkte alternativet, mellom anna på grunn av dei store skogressursane i Åfet-området. Statnett er samd i at konsekvensane for skogbruk er noko overordna utgreidd, sjølv om vurderingane og konklusjonane peikar i same retning som det høyringsinstansane skriv.

Årsaka til at alternativ B er valt, er negative konsekvensar for andre tema ved å leggje leidninga lenger sør. Oppsummeringa av konsekvensutgreiinga skildrar konsekvensane av alt. 3a og 3b som svært store og negative for naturmangfald. Mellom anna vil ein naturtype ved Kilagrove bli sterkt forringa, og leidninga kjem nærare villreinområdet. Dei to alternativa er ikkje fullstendig utgreidde for landskap og friluftsliv, men utreiaren skriv at dei sannsynlegvis ville blitt rangert sist, altså at alt. 3a og 3b ville medført størst konsekvensar.

For kulturminne varierer verdien og påverkinga langs leidningstraséane. Dersom området ved Åfet blir sett på separat, er det små skilnader mellom alternativa. Alternativ D1 vil kome nærare KULA-området Nærøyfjorden (kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse).

I fjellområda der alternativ D1 går, viser aktsemdskart (NVE Atlas) at det er større naturfare knytt til byggeperiode og driftsfase, i form av steinsprang, snøskred og jord- og flomskred. Dei spesifikke naturfarevurderingane som er utarbeidde i samband med søknaden omfattar ikkje alternativ D1. Dersom alternativet skal vidareførast, må det derfor gjerast nye naturfarevurderingar og grundigare vurderingar av trasé, mogleg plassering av master og klimalastvurderingar.

Statnett opnar for å vurdere traséjusteringar der alternativa B og D1 blir kombinerte ved å følgje D1 vestover mot Nystøl, og deretter føre leidninga vestover til eit punkt mellom Nystøl og Dagshovden i alt. B. På denne måten blir området ved Veslaskardet unngått, der alt. D1 rører ved verdifulle naturtypar og villreinområde, samt viktige friluftslivsinteresser. I tillegg vil slike justeringar, avhengig av kor leidninga møter alt. B, kunne unngå å gå over vatnet ved Dagshovden, der fleire høyringsinstansar har peika på friluftslivsinteresser.

Ved vurdering av mogleg justering vil ein og sjå på moglegheiter for å unngå eller redusere påverking på verdifulle naturtypar og stolar. Statnett er alt i gang med å innhente vurderingar av naturfare knytt til mogleg justert trasé, då dette er den mest kritiske faktoren for byggbarheit. Naturfarevurderingane påverkar også Statnett sine vurderingar av tryggleik, helse og arbeidsmiljø ved bygging, drift og vedlikehald av leidninga. NVE blir halde orientert om kva som kjem ut av desse vurderingane.

Statnett vil ha dialog med skogeigarlaget i Vik for å få betre innsikt i løysinga dei foreslår.

Ønske om flytting av leidning nordover mellom Åfet og Ramnaberg

Vik kommune og ein grunneigar ønskjer å flytte traséen nordover ved Breiddalsvatnet av omsyn til skogsdrift og villrein.

Statnett sine kommentarar

Konsekvensutgreiinga vurderer at verdien for skog er stor også i dette området, og at området blir forringa, då 80 dekar skog blir beslaglagt som følge av tiltaket. Konsekvensane for naturressursar som samla tema er vurderte som "noko miljøskade", men konsekvensane er høgare for skogbruksressursar spesielt.

Ei justert løysing forbi Breiddalsvatnet vil medføre ei utfordrande midlertidig kryssing av eksisterande 300 kV-leidning ved Åfet. I tillegg er masta som spennet må koplast inn på i aust alt bygd, og ikkje tilpassa ny løysing.

Statnett ser at ei justering her kan redusere konsekvensane noko for skogsdrift og villrein samanlikna med trasé lenger nord. Samstundes vil den nye leidninga bli lagt parallelt med den gamle, og den gamle skal rivast. Det nye permanente arealbeslaget blir omtrent like stort som i dag. Det kan vurderast om det er mogleg å bruke taubane for å få ut tømmer etter at ny leidning er bygd. Om dette er mogleg må vurderast frå stad til stad etter avstandskrav.

Ulemper knytt til omsøkt trasé vurderast som mindre for skogressursar i dette delområdet enn ved Åfet. Statnett ønskjer å oppretthalde omsøkt alternativ på strekninga.

Justering av traséen gjennom Ovrisdalen

Fleire høyringspartar er negative til traséen gjennom Ovrisdalen og ønskjer justeringar av leidninga nordover av omsyn til påverknad på landbruk, nærleik til busetnad og det visuelle inntrykket av master og liner. Det blir i tillegg uttrykt motstand frå mange mot at den eksisterande 300 kV-leidninga skal takast over og driftast av Sygnir, og at det i så fall vil gå to store leidningstrasear gjennom dalen.

Statnett sine kommentarar

Statnett har gjennom dialogen som har vore med fleire av grunneigarane i området oppfatta at mange ønskjer at Statnett skal flytte traséen lengst mogleg nordover i Ovrisdalen. Det er vurdert ulike trasear basert på mange tema som jord- og skogbruk, naturfare, topografi, naturmiljø, landskap og friluftsliv m.m. Det er gjort justeringar på bakgrunn av dialogen og kunnskapen som er henta inn, særleg vest for Undi, der ein justert leidningstrasé blei tilleggsutgreidd og omsøkt i 2024. I traseplanlegginga har det vore eit premiss at det skal vere mogleg å byggje ei ny 132 kV-leidning for Sygnir parallelt med og nord for 420 kV-leidninga for å samle inngrep.

I planlegginga er det forsøkt å unngå plassering av master på dyrka mark, og det har vore eit mål at den nye leidninga skal bli mindre synleg i landskapet enn dagens. Topografien gjer det ikkje mogleg å byggje traséen lenger nord enn slik han no er planlagt og samstundes ha plass til 132 kV-leidninga, anten no eller i framtida.

Statnett vil ha dialog med grunneigarar i Ovrisdalen for å finne gode masteplasseringar i samband med utarbeiding av detaljplanen. Justeringar må vurderast opp mot korleis dette vil påverke høgda på mastene og landskapsverknadene knytte til dette.

Det har kome eit ønske frå ein høyringspart om å leggje leidninga rett nordover opp til Rv13 og deretter austover i retning Vik og Ramnaberget. Dette ville blitt ein betydeleg lengre trasé, og Statnett ønskjer ikkje å gå vidare med dette.

Sygnir sitt ønske om å ta over Statnett si 300 kV-leidning

Statnett registrerer at det er sterk motstand mot at Sygnir skal ta over Statnett si 300 kV-leidning for vidare drift på 132 kV.

Statnett sine kommentarar

Statnett kommenterer ikkje dette temaet nærare, då begge løysingane i utgangspunktet er akseptable.

Dersom heile 300 kV-leidninga mellom Refsdal og mast 37 på leidninga Hove–Refsdal (ved avgreininga til Feios) skal takast over av Sygnir, ønskjer dei at Statnett skal revurdere leidningsalternativ 1B i dette området. Dette er eit alternativ Statnett ikkje ønskjer å byggje. Årsaka er omtalt i vedlegg 8 til søknaden. Alternativ 1B går i parallell trasé på søraustsida av dagens 300 kV-leidning mellom Refsdal og Hove, forbi dagens nedføring mot Hove, og gjennom eit svært bratt parti ned mot Seljadalen. Lause massar og bratt terreng gjer det krevjande å etablere ny trasé i dette området.

For å oppnå nødvendig bakkeklaring mellom leidning og terreng må det nyttast ein annan type og høgare mast på fleire mastepunkt (tårnmast). Tårnmastene er om lag 15–20 meter høgare enn Statnett sine standard portalmaster. Området består av granskog i ei skråning med om lag 30–40 graders helning mot vest. Terrenget stig endå brattare opp aust for mastepunkta.

Grunnforholda i området er dårlege med skifrig fjell, og det er krevjande å fundamenterer master der. I tillegg vil ei leidning etter alt. 1B gi ein anna og meir synleg trasé gjennom Ovrisdalen.

Framkome i anleggsperioden

Statnett søker om å oppgradere fylkesvegen og byggje ny Fosse bru, og fleire er skeptiske til korleis dette vil påverke framkome i anleggsperioden.

Fortidsminneforeininga ønskjer gode tiltak for gåande og syklande i anleggsperioden i tilknytning til Hove stavkyrkje, og Museumskraftverket i dalen er opptekne av transport av besøkande i anleggsperioden.

Statnett sine kommentarar

Det er smalt mange stader, og det må påreknast korte periodar med stenging og periodar med lysregulering på enkelte strekningar. Målet er å hindre trafikken minst mogleg. Det vil bli skilta og informert i periodar det blir behov for å stenge enkeltstrekningar. Det blir etablert dialog med einskilte grunneigarar som kan bli særleg påverka av anleggsarbeida.

Ønskje om dialog i samband med transport til og frå museumskraftverket er notert og vil bli følgt opp, og fortidsminneforeininga sine ønskjer er notert.

Kommunen er oppteken av at det må vere tilkomst til vassverket i Refsdal heile døgnet. Statkraft, Sygnir og Statnett har og behov for tilkomst til anlegga inst i Ovrisdalen, og har difor eigne interesser i å ha framkome i anleggsperioden. Det kan likevel bli korte periodar med hinder. Kommunen vil bli godt orientert om eventuelle avgrensingar i ferdsel.

Ønske om anna stasjonsplassering

Fleire har kommentert plasseringa av den nye Vik transformatorstasjon, og nokre ønskjer at stasjonen blir plassert lenger vest etter alternativ B.

Statnett sine kommentarar

Statnett har forståing for ønsket om å unngå inngrep i jordbruksareal, men vurderer dei alternative stasjonsplasseringane som ueigna. Alternativ B vil gi betydeleg behov for masseflytting og vil gi mindre moglegheiter for framtidige utvidingar. Terrenget inne i dalen er bratt, og dette vil gi ei uheldig løysing for stasjonsutforminga, sidan alle anleggsdelar då må plasserast på rekkje. Alternativ C (dagens plassering) ligg i eit svært rasutsett område og er forkasta av den grunn.

Det er foreslått stasjon i fjellhall. Fjellhall vil vere kostnadsdrivande og medføre auka kompleksitet både i utføring og drift. Ei fjellhall vil òg avgrense moglegheitene for framtidige utvidingar og medføre omfattande kabelanlegg og muffestasjonar. Statnett ønskjer ikkje å gå vidare med dette alternativet.

Andre har peikt på moglegheita for å flytte stasjonen nærare Statkraft sitt kraftanlegg. Arealbehovet for Statnett si stasjon er definert ut frå krav til forsyningstryggleik og beredskap. Det blir og lagt til rette for fleksibilitet med tanke på

framtidige utvidingar. Det er viktig å ikkje låse desse moglegheitene. Omsøkt alternativ gir den fleksibiliteten som er nødvendig.

Påstand om at Ovrisdalen blir rasert av ny leidning

Raudt Vestland og ein privatperson meiner at Ovrisdalen blir rasert dersom planane blir realiserte. Det er uklart om dette gjeld Statnett si omlegging av leidning, Sygnir si overtaking av eksisterande 300 kV-leidning eller begge.

Statnett sine kommentarar

Statnett tek innspelet til orientering, men vil understreke at det er lagt vekt på å redusere konsekvensane av den nye leidninga og transformatorstasjonen mest mogleg. 420 kV-leidninga blir trekt unna hovuddalføret. Prosjektet vil og auke standarden på vegane i Ovrisdalen, og Vik-samfunnet vil få betre tilgang til straum, noko som gir potensial for næringsutvikling.

Ønske om tilpassing av vegar i Ovrisdalen

Det er kome ønskje om at Statnett skal bruke og utbetre andre vegar enn dei som er planlagde. Dette gjeld:

1. Eksisterande veg/kjørespor ved Klyv – nytta som omkøyringsveg
2. Utbetring av bru i Orvedal
3. Utviding av veg mellom Orvedal bru og vegkryss mot Øvregardane
4. Minst mogleg bruk av dyrka mark
5. Permanente bruløysingar

Statnett sine kommentarar

1. Veg på vestsida av Seljadalen mellom Øyri/Hove kyrkje og Ovrisdal via Klyv vil krevje omfattande anleggstiltak og beslag av nye areal. Eksisterande veg sørover frå Hove må oppgraderast, og det må byggjast om lag 1,4 km ny veg fram til Ovrisdalen bru. Det vil òg bli konflikt med anleggstrafikk til masselageret ved Hovevegen. Statnett ønskjer ikkje denne løysinga.
2. Utbetring av bru i Orvedal er ikkje ønskjeleg, då dette ikkje er nødvendig for omsøkt prosjekt.
3. For å redusere beslag av dyrka mark er vegen frå Ovrisdalen bru til Øvregardane planlagt utvida mot vest med nokre få unntak. Nokre korte strekningar er planlagt utvida mot aust for å unngå konflikt med bygningar. Vegen er planlagt med fylling og utgraving i bratte skråningar. Natursteinsmurar blir nytta som støttemurar. Nokre murar vil få betongkroner for innfesting av rekkverk. Sprøytebetong og armering kan bli brukt ved jordnagling, og vil gi ei sprøytebetongoverflate. Det er etablert dialog med grunneigarar som blir direkte berørte for å finne løysingar som er akseptable.
4. Det er eit mål at minst mogleg dyrka mark blir beslaglagt. Dette er lagt til grunn i prosjekteringa og blir fulgt opp i detaljplanen.
5. Statnett vurderer at berre Fosse bru treng permanent løysing. Andre bruer kan vere mellombelse i samband med transport av transformatorar. Permanente bruer har mykje høgare kostnad og er ikkje i tråd med prinsippa for nettutbygging.

Generelt om konsekvensar for jordbruk

I fleire høyringsuttalar blir det peika på at minst mogleg jordbruksareal må belastast av tiltaket – både ved leidningar, transformatorstasjon, deponi og utbetring av fylkesvegen.

Statnett sine kommentarar

Målet har vore å belaste minst mogleg jordbruksareal. Overskotsjord frå anleggsarbeida skal nyttast til nydyrking. Mastepunkt er så langt som mogleg lagt i beiteområde og utanfor fulldyrka jord.

Traseen gjennom Ovrisdalen er trekt så langt opp i terrenget som mogleg, delvis i skog, for å unngå jordbruksområde.

Vidare arbeid

Statnett er positiv til å vurdere justering av traséen forbi Åfet for å få vurdert teknisk byggbarheit, naturfare og konsekvensar for ulike fagområde, slik at dei ulike løysingane kan vegast betre mot kvarandre.

Statnett vil ha dialog med direkte berørte grunneigarar om endeleg utforming av anlegg der eigedomar blir berørte. Dette gjeld særleg langs fylkesvegen, der mange tiltak kjem tett på bygningar og jordbruksareal. Detaljplanen vil skildre endelege løysingar.

Med venleg helsing

Kenneth Teigenes

Prosjektdirektør

Vedlegg

Tabell med kortfatta oppsummering av innhald i høyringssvara og kommentarar